



## 6.26 Flofjellsvegen

Tidleg på 1900-talet starta vegbygginga over *Flofjellet*. Den skulle knyte saman Sunnylven og *Stryn*. Vegen vart aldri fullført for bilar, men resultatet er ein flott turveg for fotfolk, riding og perfekt for sykling. Mest spennande langs Stegholvatnet der vegen ligg som ei hylle i fjellveggen. Vil du sleppe å gå både fram og tilbake, bør du arrangere vennekøyring frå andre sida.

Ein **9 km lett** overgang med høgdeskilnad **355-540-212 m**. Det tek **2-3 t** å gå frå *Vollset* til *Flo*. Med sykkel treng du ca **1 t** inn til Ångelsvatnet.

På Hellesylt er det skilta til Flofjellsvegen, 12 km til Vollset med god parkering. Ruta går langs 3 vatn, høgste del er ved setrane nord for Ångelsvatnet. På den brattare vegen ned til Flo får du eit flott utsyn mot Strynsvatnet.

*Vesledalen* går frå *Øvre-Flosetra* opp mot nordaust. Fjellryggen vest for Vesledalen gir ei litt dryg oppstigning til Vollsetskala. Ein rundtur opp frå Holedalen, ned til Flosetra og over Flofjellet til Vollset er eit tungt, men ypperleg prosjekt for spreke fjellfolk.

*Middagsnibba*, 1531 m, er ein skarp tind sett frå Hole. Frå Vollset går ein sti opp til Fedalsetra, derifrå kan du gå bratt opp den skarpe egga til Middagsnibba.

